

Stortinget  
Postboks 1700 Sentrum  
0026 OSLO

Deres ref  
Nr 507

Vår ref  
24/2296-

Dato  
11. desember 2024

## Spm nr 507 til skriftlig besvarelse fra stortingsrepresentant Lene Westgaard-Halle

Representanten Westgaard-Halle stilte følgende spørsmål:

*«Kan statsråden gi en samlet oversikt over alle økonomiske særfordeler for jordbruket, som er blitt innført eller styrket under sittende regjeringen, herunder en samlet beregning av hvor mye disse særfordelene totalt beløper seg til per år, samt en sammenligning med hva tilsvarende ordninger utgjorde før denne regjeringen tiltrådte.»*

Eg er einig med representanten Westgaard-Halles grunngjeving for spørsmålet i at regjeringa har prioritert jordbruket høgt. Det er ei nødvendig prioritering i arbeidet med å auke matsikkerheita og sjølvforsyninga, som det er brei semje om. Nedanfor blir det gjort greie for regjeringa sine prioriteringar av økonomi for jordbruket på område nemnt i spørsmålet. Gjennomgåande for budsjettløyvingar blir regjeringa sitt forslag til løyving for 2025 samanlikna med regjeringa Solberg sitt forslag til budsjett for 2022.

### Jordbruksavtalen

Bevilgninga til gjennomføring av jordbruksavtalen er auka med om lag 11,4 mrd. kroner, m.a. som ein del av arbeidet med å følgje opp opptrappingsplanen for inntektsmoglegheitene i jordbruket, sjå Tabell 1.

**Tabell 1. Kapittel 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen. Mill. kroner.**

Post	Forslag 2022, mill. kr	Forslag 2025, mill. kr	Endring
21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	19	30	11
50 Tilskott til Landbrukets utviklingsfond	1 379	2 549	1 170
70 Marknadstiltak, <i>kan overføres</i>	278	411	132
71 Tilskott ved avlingsvikt, <i>overslagsløyving</i>	83	104	21
73 Pristilskott, <i>overslagsløyving 1)</i>	4 025	5 904	1 879
74 Direkte tilskott, <i>kan overføres</i>	9 891	17 566	7 675
77 Utviklingstiltak, <i>kan overføres</i>	288	397	109
78 Velferdsordninger, <i>kan overføres</i>	1 535	1 965	430
	17 498	28 926	11 428

1) Prop. 1 for Landbruks- og matdepartementet, med tilleggsnummer for 2025.

### Tilskot (utanfor jordbruksavtalen)

Utanfor jordbruksavtalen blir det gitt straumstøtte til jordbruk, veksthus og vassingslag. Budsjettet for 2025 er på 60 mill. kroner, med grunnlag i prognosar for straumpris. I 2023 blei det utbetalt 468,1 mill. kroner over ordninga. For 2024 er det prognosert ei utbetaling på 102,3 mill. kroner.

**Tabell 2. Straumstøtte til jordbruk, veksthus og vanningslag. Mill. kroner.**

Post	Forslag 2022, mill. kr	Forslag 2025, mill. kr	Endring
Stønad til jordbruks- og veksthusnæringa for 75 ekstraordinære straumutgifter, <i>overslagsløyving</i>	0	60	60

### Justeringar i tollvernet

Regjeringa la frå 1.1.24 om tollvernet frå kronetoll til prosenttoll for issalat, knollselleri, rødbeter, kålrot samt potet og potetprodukt. For at marknadsaktørane skulle få tid til å tilpasse seg omlegginga beslutta LMD at prosentsatsar for potet først blei iverksett fra 1.9.2024.

Eit solid importvern er ein føresetnad for å nå måla våre om auka sjølvforsyning, styrka beredskap, høgare inntekter for norske bønder og landbruk over heile landet. Auka produksjon av grønt vil vere eit bidrag til vår sjølvforsyning. Dette er produkt vi har klimatiske føresetnader for å produsere meir av – over heile landet. Det var nettopp auka sjølvforsyning Stortinget ba om ved behandlinga av regjeringa si melding om sjølvforsyning i vår. Føremålet med omlegging til prosenttoll er å gi norske produsentar av grønsaker og potet tryggleik for økonomien og avsetning av produksjonen, noko som skaper føreseielegheit og tryggleik for investeringar.

Det er ikkje mogleg å berekne eksakt dei økonomiske fordelane ved omlegginga, men målet er at omlegginga skal sørge for å bevare og auke produksjon av desse varene hos norske bønder over tid. I dag utgjer produksjon av desse grøntprodukta ein omsetnad på omtrent 1,7 mrd. kroner for norske bønder.

I våre forhandlingar av frihandelsavtalar blir det også gitt tollkonesjonar på ei rekkje landbruksvarer. I slike forhandlingar er målet å unngå konsesjonar som går på kostnad av norsk produksjon, men å gi meningsfulle konsesjonar på landbruksvarer vi ikkje produserer sjølve. I frihandelsavtalane er valet mellom å bruke kronetoll eller prosenttoll for jordbruksvarer bevart eller etablert. Dette er ein rett vi har i WTO-avtalen.

## Landbruksforskning

I sum har midler til landbruksforskning auka med 86 mill. kr siden regjeringen tiltrådte. Fordelingen på ulike postar er vist i Tabell 3.

*Tabell 3. Bevilgning til landbruksforskning siden Prop 1. S for 2022, mill. kroner*

<b>Kap.post</b>	Forslag 2022, mill. kr	Forslag 2025, mill. kr	Endring
1137.50 Forskingsaktivitet			
- Noregs forskingsråd	216	204	-12
1137.51 Grunnløyving til forskingsinstitutt	195	213	18
1137.54 - Næringsretta matforskning (FFL)	175	240	65
1150.50 Forskingsmidler over jordbruksavtalen	77	92	15
<b>Endring fra Prop. 1 S 2022</b>			<b>86</b>

## Rådgiving frå det offentlige virkemiddelapparatet

Rådgiving til landbruket skjer i stor grad i privat regi. Jordbruksavtalen bidreg i finansieringa av Norsk Landbruksrådgiving. Løyvinga til Tilskot til rådgiving over jordbruksavtalen har auka frå 98 mill. kroner i Prop 1 S for 2022, til 118 mill. kroner i forslaget for 2025, korav 1 mill. kroner går til Norsk Gartnerforbund og 117 mill. kroner går til Norsk Landbruksrådgiving. Beløpa inngår som ein del av Tabell 1.

Middel til rådgiving frå Innovasjon Noreg (IN) inngår i løyvinga til ordningane IN forvaltar, anten i form av timekostnader knytt til rådgiving frå IN eller som eit tilskot til kjøp av rådgiving.

## **Bionova**

Bionova blei opna i mai 2023, og skal bidra i satsinga på bioøkonomi og klimatiltak i jordbruk, skogbruk og havbruk. For 2025 er det foreslått ei løyving til Bionova over kap. 1152 post 70 på 173,25 mill. kroner. I tillegg forvaltar Bionova middel frå jordbruksavtalen (Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling under Landbrukets utviklingsfond).

## **Lov- og regulatoriske fordelar**

Vi har i denne perioden flytta avgjerdsmynde i konsesjonssaker som gjeld selskap med avgrensa ansvar frå kommunen til Statsforvaltaren. Endringa inneber verken direkte eller indirekte økonomiske fordelar for jordbruket.

## **Fordeler i skattesystemet**

Spørsmål angående kapitalkrav og skatt for jordbruket er forelagt finansministeren som har gitt følgjande svar:

«Kapitalkravet for lån med pant i landbrukseiendom reflekterer risiko i næringen, og innebærer ikke i seg selv en særfordel.

De fleste foretak i jordbruket er enkeltpersonforetak og betaler ikke arbeidsgiveravgift hvis de ikke har ansatte.

Formuesverdien av jordbrukseiendom er om lag verdsatt på samme måte som under regjeringen Solberg. De verdsettes under ett for bygninger og rettigheter som hører til eiendommen (driftsbygninger, våningshus, kårbolig, jord og grunn). Den potensielle inntjeningsverdien er ofte lav. Formuesverdien på våningshus skal maksimalt utgjøre 25 pst. av markedsverdien, på samme måte som for annen primærbolig. Skattemessig formuesverdi av jordbrukseiendom skal ifølge Skattedirektoratets takseringsregler ikke utgjøre mer enn 80 pst. av markedsverdi eller kostpris (inkludert grunn). I mange tilfeller vil formuesverdien av jordbrukseiendom ta utgangspunkt i historisk kostpris for bygninger og grunn.

I vedlegg 1 i Prop. 1 LS (2024–2025) side 331 beskrives særbehandlingen av primærnæringene i skattesystemet, herunder også jordbruket. Skatteutgiftene beregnet for primærnæringen er oppgitt på side 335.

Støre-regjeringen har gjennomført flere skatteendringer til særskilt fordel for jordbruket under regjeringsperioden.

## **Økt jordbruksfradrag**

I Prop. 1 LS (2021–2022) foreslo Solberg-regjeringen å nominelt videreføre jordbruksfradraget. Regjeringen Støre trakk dette forslaget og foreslo heller å øke fradraget. Med virkning fra 2022 ble det inntektsuavhengige fradraget økt fra 90 000 kroner til 93 000 kroner, og det maksimale fradraget fra 190 400 kroner til 195 000 kroner. Satsen i fradraget ble videreført uendret på 38 pst.

Støre-regjeringen økte samtidig reindriftsfradraget, sjømannsfradraget og fiskerfradraget. Provenyvirkningene ble beregnet samlet for endringene. Dette ble i Prop. 1 LS Tillegg 1 anslått å redusere provenyet, sammenlignet med Prop. 1 LS (2021–2022), med 32 mill. kroner påløpt og 26 mill. kroner bokført i 2022. Anslagvis utgjør endringene i jordbruksfradraget hoveddelen av den samlede provenyvirkningen.

For 2025 er det generelle fradraget foreslått prisjustert fra 93 000 kroner til 95 800 kroner og det maksimale fradraget fra 195 000 kroner til 200 850 kroner. Satsen i fradraget er foreslått uendret på 38 pst., jf. Prop. 1. LS (2024-2025) punkt. 3.2.3. Dette er en reell videreføring og har ingen provenyvirkninger i 2025.

### **Lavere skatt på gevinst som følge av realisasjon av melkekvote**

Gevinst ved realisasjon av alminnelig gårdsbruk i familien er fritatt for skatteplikt. Gevinst ved realisasjon utenfor familien er fritatt for personinntektsberegning. Disse reglene gjelder også for melkekvote som realiseres sammen med gårdsbruket. Som en oppfølging av jordbruksforhandlingene ble med virkning fra 2024 også separat realisasjon av melkekvote fritatt for personinntektsberegning, jf. Prop. 1 LS (2023-2024) punkt 5.6. Gevinsten beskattes som en kapitalinntekt med satsen for alminnelig inntekt på 22 pst. Provenytapet ble beregnet til om lag 5 mill. kroner påløpt og bokført i 2024.

### **Lovfesting av skattefritakspraksis**

Etter realisasjonsprinsippet skal en fordel som er innvunnet ved overføring fra andre, tas til inntekt det året da skattyteren får en ubetinget rett til ytelsen. Skattepraksis har i konkrete typetilfeller åpnet for unntak fra denne hovedregelen ved tidfesting av enkelte tilskudd/omstillingsbidrag og erstatninger i jordbruket. Det har dreid seg om ulike ordninger knyttet til produksjon av kjøtt, egg, melk mv., der det er blitt godkjent at inntektsføringen av en engangsutbetaling kan fordeles til beskatning over flere år eller utsettes til et senere år. Praksisen ble lovfestet (ny skattelov § 14-29) med virkning fra 2022 for å gi den et tryggere rettsgrunnlag, jf. Prop 1 LS (2022-2023) punkt 5.6. Endringen ble antatt å ikke ha administrative eller økonomiske effekter av betydning.

### **Overgang fra kronetoll til prosenttoll**

I 2024 er det lagt om fra kronetoll til prosenttoll for hel issalat, knollselleri, rødbeter og hel kålrot, samt poteter og potetprodukter. Endringene ble antatt å ikke ha provenyeffekt av betydning.

### **Andre endringer**

I tillegg er det gjort flere endringer i skattereglene under Støre-regjeringen som kommer jordbruket til gode, men som ikke er en økonomisk fordel særskilt rettet mot jordbruket. Provenyanslagene for disse endringene vil dermed ikke være et anslag på støtte til kun til jordbruket og er dermed ikke inkludert. Disse endringene inkluderer blant annet reduksjon i trafikkforsikringsavgiften, økt fradrag til kontingent til fagforening og landsomfattende yrkes- og næringsorganisasjon, økt bunnfradrag i formuesskatten, økt grense for direkte

utgiftsføring av driftsmidler, reduksjon i trygdeavgiften på næringsinntekt og vekslingen fra minstefradrag til personfradrag, som er til særlig gunst for selvstendig næringsdrivende.

I tillegg ble grunnavgiften på mineralolje avviklet fra 2023. Over tid vil imidlertid denne lettelsen bli motsvart gjennom jordbruksoppjøret. Det skyldes at endringer i jordbrukets kostnader reflekteres i rammen for jordbruksoppjøret.

Med helsing



Geir Pollestad